

## NorthConnect KS

---

Dei tre norske kraftselskapa E-CO Energi AS, Agder Energi AS og Lyse Produksjon AS og svenske Vattenfall AB har gjennom selskapet NorthConnect KS søkt konsesjon for å få bygd ein utanlandskabel på 665 km og 1400 MW frå Simadalen i Hardanger til Skottland.

NVE la fram sine vurderingar før jol - og overlet til Olje- og Energidepartementet å trekkja endelege konklusjonar. Dette skal skje etter ein ny høyringsrunde fram til 10.mars 2020. Etter NVE sine vurderingar vil denne kabelen føra til høgare kraftpris og nettleige i Noreg. Dette vil koma i tillegg til prisauke på grunn av utanlandskablane som alt er bygd eller er under byggjing.

NVE hevdar at NorthConnect vil gje eit samfunnsøkonomisk overskot på 8,5 milliardar, fordelt på levetida på 40 år.

Men årsaka til dette er at gevinsten til dei som tener på kabelen (kraftselskapa) er langt høgare enn alle som tapar (straumkundane).

Vestland SV går inn for å nytta norsk vasskraft til industriell verdiskaping og fordeling i Noreg, ikkje til enno meir krafteksport.

NorthConnect-kabelen vil føra til ytterlegare auke i kraftpris og nettleige i Noreg, til kostnad for store og små straumkundar. Dette vil etter vårt syn ha negativ verknad for mange lokalsamfunn og kommunar som har kraftforedlende industri. Ei eventuell utflagging av norske industriverksemder basert på rein og fornybar norsk vasskraft, til land med lågare klima- og miljøkrav, er ikkje ynskjeleg for Noreg som industrinasjon.

I tillegg fryktar Vestland SV at NorthConnect kan føra til meir press på å få bygd ut vasskraft og vindkraft i sårbare naturområde.

På denne bakgrunnen vil Vestland SV oppmoda Olje- og Energidepartementet om å seia nei til søknaden frå NorthConnect KS om å få bygd ein gigantisk utanlandskabel frå Sima i Hardanger til Skottland.

I tillegg er me uroa over kva skade ein kabel ut Hardangerfjorden kan påføra korallrev, og kva konsekvensar ev. elektromagnetisk stråling kan ha for gyting, yngel og fiskeliv i Hardangerfjorden.

Vedtatt Årsmøte Vestland SV 9. februar 2020